

Arkivnr: 2016/34379-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Hanne Espe, Terje Haugsgjerd, Sturla Binder, Tone Stedal Haugland,  
Marius Kjørmo**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

**Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025. Handlingsprogram for 2017.****Samandrag**

Saka gjeld handsaming av *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025* med handlingsprogram for 2017 og statusrapport for 2015-2016.

*Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025* femner om fagfelte kulturminnevern og museum, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen vart lagt fram i Fylkestinget hausten 2014, jf PS 84/2014. Handlingsprogrammet vart deretter vedteke i Fylkestinget våren 2015, PS 11/2015.

Som grunnlag for planen ligg undersøkingar og vurderingar av kva samfunnsendingane betyr for utviklinga av kultur og idrettsfeltet i Hordaland. Planen peikar ut fire tema med særlege utfordringar: endringar i busetnad og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping, samordning og samhandling.

Planen har som ambisjon at kultur skal vere ein grunnleggjande premiss for samfunnsutviklinga. Ein samla og målretta kulturpolitikk skal styrkje Hordaland som ein leiande kulturregion, og integrere kultur i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping.

I samsvar med Plan- og bygningslova omfattar den regionale planen heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også verksemd som ikkje er del av fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Handlingsprogrammet er ambisiøst med 154 tiltak fordelt på 39 innsatsområde. Av dei 154 tiltaka har 113 status som førsteprioritet. Arbeidet i fylkeskommunen skal skje innanfor dei årlege budsjettammene.

I oppfølginga av planen har Kultur- og idrettsavdelinga i 2015 og 2016 særleg prioritert tilrettelegging av infrastruktur, slik som nye nettsider, elektronisk søknadsskjema og revidering/omlegging av tilskotsordningar, mellom anna for å kunne arbeide målretta og strukturert i samsvar med planen.

I 2017 vil ein prioritere overordna tiltak med mål og utfordringar som involverer fleire aktørar. Dette inneber at Kultur- og idrettsavdelinga må arbeide meir heilskapleg og utadretta enn tidlegare. Hordaland fylkeskommune si oppgåve som koordinator vert viktigare. Dette inneber nye samarbeidsformer på tvers i avdelinga og i fylkeskommunen, og krev intern omprioritering av arbeidsressursar.

I saksframlegget vert det gjort greie for kva felt det skal gjerast ein særleg innsats. Innsatsområda Inkludering, Kulturregion Vestlandet og løft for dei profesjonelle kulturinstitusjonane er hovudsatsingar på

tvers av fagfelta. Eit grunnleggjande perspektiv i kulturplanen er behovet for fleire kulturelle sentra i landet, og at Bergen og Hordaland er det andre kulturelle tyngdepunktet i Noreg. Fylkesrådmannen ser det som viktig at dei profesjonelle og etablerte institusjonane vert løfta fram og får særleg merksemd i 2017. Styrking i samsvar med regional kulturplan vil vere ein føresetnad for dette.

16.-24. september 2017 vert sykkel-VM arrangert i kommunane Bergen, Fjell, Øygarden og Askøy, det tredje største idrettsarrangementet i verda. Dette krev ekstraordinær fylkeskommunal innsats i 2017, både for å bidra til gjennomføringa av eit godt arrangement og for å nå målet om auka bruk av sykkel til rekreasjon, trening og framkomstmiddel i det vidare. Samspelet mellom idrett og ulike samfunnssektorar er også utgangspunktet for vidare satsing på Idrettscampus Bergen i 2017.

Kultur- og idrettsavdelinga sitt budsjett for 2017 er knytt til mål og satsingar i Kulturplanen. Streng prioritering innan vedtekne økonomiske rammer er difor nødvendig for å sikre god måloppnåing.

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget ser at dei avgrensa økonomiske rammene føreset stram og målretta satsing for å få nokre viktige løft innan kultur- og idrettsfeltet i Hordaland.
2. Fylkestinget vedtek prioriteringane som er gjort i handlingsprogrammet for 2017 med innsatsområda Inkludering, Kulturregion Vestlandet og løft for dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonane som hovudsatsingar på tvers av fagfelta.
3. Fylkestinget støttar at Kultur- og idrettsavdelinga set av ressursar til ei arbeidsgruppe, som aktivt følgjer opp arbeidet med kulturplanen gjennom eksterne og interne tiltak.
4. Fylkestinget tek statusrapport for 2015-2016 til etterretning.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 21.11.2016

Saka gjeld oppfølging av *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025* med handlingsprogram for 2017 og statusrapport for 2015-2016.

Fylkestinget handsama *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025* hausten 2014, i PS 84/2014. Handlingsprogrammet vart vedteke i Fylkestinget våren 2015 i PS 11/2015. Regional kulturplan for Hordaland femner om fagfelte kulturminnevern og museum, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Planen peikar på fire utfordringar for Hordaland: endringar i busetnad og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping, samordning og samhandling. Som grunnlag for planen ligg spørsmålet om kva samfunnsendringane betyr for utvikling og prioriteringar innan kultur og idrett. *Premiss: Kultur* viser til ambisjonen om at kulturpolitikken i Hordaland skal vere ein grunnleggjande premiss for samfunnsutviklinga og sikre at Hordaland er ein leiande kulturregion.

Gjennom kulturpolitikken skal ein fremje demokrati og yringsfridom, og bidra til at Hordaland har eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk. Kulturpolitikken skal vidare identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller skal vere leiande. Berekraftig utvikling og forvaltning av landskap, miljø og anlegg skal gi grunnlag for eit rikt kulturliv i heile fylket. Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping.

### Oppfølging av kulturplanen - struktur og arbeidsform

I samsvar med Plan- og bygningslova omfattar planen heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også verksemd som ikkje er del av fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Målsettingane i planen skal nåast gjennom 39 innsatsområde og 154 tiltak. I Fylkestinget si handsaming av handlingsprogrammet (PS 11/2015), vedtakspunkt 2, står følgjande:

*Fylkestinget vedtek samla handlingsprogram for planperioden 2015-2025, med prioriteringar for første fireårsperiode 2015-2018. Handlingsprogrammet skal ha ei gjennomgåande rullering kvart fjerde år.*

Av tiltaka har 113 status som førsteprioritet og 41 status som andreprioritet. Prioriteringane i 4-års perioden 2015-2018 er såleis først og fremst knytt opp mot dei 113 tiltak. Det vil likevel vere tilfelle der tiltak med andreprioritet vert arbeidd med, mellom anna fordi tiltaket fell inn under avdelinga sitt ordinære arbeidsfelt og/eller fordi det har skjedd endringar i samfunnet som gjer at dette er noko ein må prioritere. Erfaring frå oppfølging av planen i 2015 og 2016 er at det er naudsynt med ei slik prioritering av tiltak, og at prioriteringa kunne vore strammare og avgrensa til færre tiltak. Behovet for ei sterkare prioritering vil ein ta opp igjen i samband med rullering av planen i 2019. For handlingsprogrammet og statusrapporten er tiltak med førsteprioritet og tiltak med andreprioritet skilt ut i kvar sine dokument. Dette gir oversikt over korleis ein har prioritert og arbeidd.

Med omsyn til tiltak har Kulturplanen følgjande struktur:

1. Større, overordna tiltak som tek opp i seg dei fire hovudutfordringane som planen peikar på: endringar i busetnad og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping, samordning og samhandling. Til saman omfattar desse overordna tiltaka 13 innsatsområde. Karakteristisk er at dei involverer aktørar frå ulike sektorar og forvaltingsnivå.
2. Tiltak som er knytt til det enkelte fagfeltet, med Kultur- og idrettsavdelinga som ansvarleg for gjennomføring i samarbeid med ulike partnerar/aktørar.

I 2015 og 2016 har ein særleg prioritert tilrettelegging av infrastruktur, slik som nye nettsider, elektronisk søknadsskjema og revidering/omlegging av tilskotsordningar, nettopp for å kunne arbeide strukturert i høve målsetjingane i planen.

I 2017 vil ein prioritere overordna tiltak med mål og utfordringar som involverer fleire aktørar. Gjennom tiltak, mål, organisering og struktur fremjar såleis Kulturplanen arbeidsformar som inneber at Kultur- og idrettsavdelinga må arbeide meir heilskapleg og utadretta enn tidlegare. Oppgåva som koordinator vert viktigare. Dette inneber større samarbeid på tvers i avdelinga, i fylkeskommunen, og krev intern omprioritering av arbeidsressursar. Det er etablert ei arbeidsgruppe for Kulturplanen med representantar frå kvar seksjon på avdelinga. Fylkesrådmannen ser behovet for at denne arbeidsgruppa får ei viktig rolle i oppfølging av Kulturplanen.

Eit konkret døme på den nye arbeidsforma er forslag om tema/fagsamlingar knytt til to overordna tiltak i planen: *Innsatsområde 5 Inkludering og Innsatsområde 11 Kulturregion Vestlandet*. Kultur- og idrettsavdelinga, gjennom arbeidsgruppa for kulturplanen, tek rolla som koordinator, nettopp for å kunne samle ulike aktørar/institusjonar om felles problemstillingar og få opp diskusjonar om fordeling av ansvarsområde og korleis ein skal arbeide saman.

Kulturplanen er ein plan for kultur- og idrettslivet i heile Hordaland. Systematisk og lett tilgjengeleg informasjon om dei satsingane ein planlegg for 2017, er såleis ein føresetnad for god oppfølging av handlingsprogrammet. Denne informasjonsoppgåva høyrer til Kultur- og idrettsavdelinga si rolle som koordinator.

I tillegg bør ein legge opp til dialog med aktuelle aktørar for å diskutere satsingar for 2018. Aktiv oppfølging av Kulturplanen vil dermed innebære medverknad og dialog også i forkant av prioriteringar. Dette vil ein legge opp til i samband med utarbeiding av handlingsprogrammet for 2018.

### **Dei økonomiske rammene**

I vedtakspunkt 3 i Fylkestinget si handsamling av handlingsprogrammet heiter det:

*Fylkestinget legg til grunn at handlingsprogrammet er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.*

Det er ikkje gitt ei særskilt fylkeskommunal løyving til oppfølging til kulturplanen. Driftsbudsjettet til Kultur- og idrettsavdelinga, saman med til dømes statlege og andre eksterne tmidlar, er såleis ramme for arbeidet med planen. I tillegg kjem ressursane som eksterne aktørar har. Eit mål er at samhandling og koordinering skal gi løft til viktige område innan kultur- og idrettsfeltet.

I fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2017 står mellom anna dette om den økonomiske ramma og oppfølging av kulturplanen:

*«I høve den samla fylkeskommunale økonomien er det ikkje rom for å gje støtte til alle dei gode regionale tiltaka. Dermed kan ein ikkje finne plass på budsjettet for 2017 til ei rekkje viktige større og nyskapande tiltak. Dette inneber krevjande utfordringar for Hordaland fylkeskommune og heile kultur- og idrettsfeltet både i 2017 og i åra framover.»*

Streng prioritering er såleis nødvendig for å få til gode resultat. Det inneber aktivt samarbeid med andre aktørar, for å kunne samle og effektivisere tilgjengelege ressursar.

Ei utfordring er korleis ein kan "måle" resultatata av kulturpolitikken. Korleis kan ein definere eit løft? Fleire prosessar er i gang for å synleggjere utviklinga innan dei enkelte fagfelta. Det er viktig at ein ser både på dei kvalitative og kvantitative måla for slik synleggjering. Kulturplanen understrekar at *kultur har ein klar eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor innan alle samfunnsområde. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og yringsfridom*. I PS 38/2016 i Fylkestinget sitt møte i juni, vart det gjort følgjande vedtak i handsaming av statusrapport for museumsplanen:

*Fylkestinget sluttar seg til arbeidet som Kultur- og idrettsavdelinga har starta med å finne gode måltal for utviklinga innan feltet, slik at statistikk for museumsfeltet vert lagt fram for fylkestinget i samband med evaluering av museumsreforma i løpet av 2017.*

Bygningsvernkonsulentordninga ved musea har vore ei fylkeskommunal satsing sidan tidleg på 2000-talet, og er eit område der ei kartlegging og analyse vil kunne synleggjere kva samfunnsrolle/verknad rådgjeving og formidling til kommunar og privatpersonar har.

Innan bibliotekfeltet er det lagt fram politisk sak basert på statistikk om stoda i biblioteka, Folkebiblioteka i Hordaland 2015 - status og utfordringar, sjå PS 114/2016.

Det regjeringsoppnemnde Strategiutval for idrett, leverte 8. juni 2016 sin første rapport og understrekar fylkeskommunen si viktige rolle i høve analysar og vurderingar av anleggsbehov i regionen. For å kunne bruke tilgjengelege ressursar best mogleg er det viktig å hjelpe kommunane og lag med å få betre kunnskapsgrunnlag når det gjeld behov for anlegg og til å sikre større del av spelemidlane til Hordaland. Dette arbeidet vert prioritert i 2017 og vil også inngå i eit slikt heilskapleg arbeid.

Arbeid med måltal og synleggjering av kultur- og idrettsfeltet er ei prioritert oppgåve. Kultur- og idrettsavdelinga har som mål å utvikle og utgje Kulturstatistikk for Hordaland. Arbeidet med dette tek til i 2017.

Tabellen på neste side gir ein oversikt over dei tilskotsordningane Kultur- og idrettsavdelinga har i oppfølging av Kulturplanen, med fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2017 og midlane som vart gitt i 2016. Nokre av desse tilskotsordningane har både statleg og fylkeskommunal finansiering, andre er fylkeskommunal. Dei største reduksjonane frå 2016 til 2017 finn ein i ordninga fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg og tilskot kulturhus. For forvaltning og drift av verna fartøy er staten no inne med same beløp som fylkeskommunen.

Tabell 1. Oversikt over fylkeskommunale tilskotsordningar ( heilt eller delvis finansiert med fylkeskommunale midlar). Tabellen er basert på fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg. I 1000 kr.

Tilskotsordning	Tilskot 2016	Tilskot 2017
Forvaltning og drift av verna fartøy	500	1 000*
Vern og vøling av verneverdige bygg	973	992
BARK- bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne	200	200
Museumsløft	2 000	2 000
Kulturelt utviklingsprogram	6 500	6 500
Tilskot kulturhus	Regionale: 8 119	9 500***
	Lokale: 3 372	
Turskiltprosjektet	770	770
Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane	428	428
Lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom	2 000	2 000
Kulturtiltak amatør	400	408
Større kulturprosjekt med regional verdi	1 000	1 020
Folkemusikkstipend		100
Kunstnarstipend	230	230
Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell	800	800
Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid	150	153
Sikring og istandsetjing av verna fartøy	1 680	1 680****
Fylkeskommunalt investeringstilskot	2 500	1 000
Utviklingsstipend idrett	125 000	180 000
Folkehelse/sysselvanar	500 000	500 000
Store og internasjonale seniormeisterskap	260 000	310 000
Modellbibliotek	300 000	300 000

\*500 000 kr av desse er statlege midlar \*\*Tilskot kulturhus erstattar dei to tidlegare tilskotsordningane Tilskot lokale kulturhus og kulturbygg med regionale funksjonar. Samla var 10,6 mill statlege midlar \*\*\* 5 millionar er statlege midlar\*\*\*\* 840 000 er statlege midlar.

## Felles satsingsområde for 2017

### Innsatsområde 5 Inkludering

Mål: Kulturlivet i Hordaland skal vere prega av mangfald, likeverd og likestilling.

Ansvar: HFK/Kultur- og idrettsavdelinga. Mange andre aktørar kan vere ansvarlege for dette tiltaket.

Aktuelle partnerar: Kommunane, relevante representative organ, Den norske kyrkja og andre trussamfunn, kulturinstitusjonane, frivillige organisasjonar.

Ved å invitere til temasamling vert det mogleg å lære av kvarandre på tvers av institusjonar og trussamfunn. Det fins mange døme på vellukka tiltak. Satsinga kan sjåast i samanheng med diskusjonane som vart løfta fram på Kultur- og idrettskonferansen 2016. Aktuelle spørsmål kan vere: Kva er særlege utfordringa? Korleis kan ein arbeide saman? Kva kan ein gjere regionalt? Korleis kan ein nytte dei ulike kunst- og kulturinstitusjonane som møteplass?

### *Innsatsområde 11 Kulturregion Vestlandet*

Mål: Gjennom samarbeid og profilering skal Vestlandet styrkast som kulturregion.

#### *Tiltak A. Utvikle fellesprosjekt og kulturstrategi for Vestlandet*

Ansvar: Vestlandsrådet, fylkeskommunane

Aktuelle partnarar: Vestlandsrådet, fylkeskommunane, kommunane aktørar frå kultur- og idrettsfeltet

#### *Tiltak B. Fremje regionalisering av statlege kulturmidlar*

Ansvar: Vestlandsrådet, fylkeskommunane

Aktuelle partnarar: Vestlandsrådet, fylkeskommunane, Hordalandsbenken på Stortinget, aktørar frå kultur- og idrettsfeltet

*Innsatsområde 11 Kulturregion Vestlandet* må sjåast i direkte samanheng med den pågåande regionaliseringsprosessen, og har difor høg aktualitet. Arbeidsform og prosess vil såleis vere avhengig av dei regionale og nasjonale vedtaka og føringane. Kultur- og idrettsavdelinga vil prioritere framgang for dette tiltaket i 2017 og gje det særleg fokus.

#### *Innsatsområde 16 Museumsløft og innsatsområde 27 Kunstløft - det profesjonelle kunstfeltet*

Det er viktig at dei profesjonelle og etablerte institusjonane vert løfta fram og får eit særleg fokus i 2017. Eit grunnleggjande perspektiv i kulturplanen er behovet for fleire kulturelle sentra i landet, og at Bergen og Hordaland er det andre kulturelle tyngdepunktet i Noreg. Styrking av dei profesjonelle institusjonane vil vere ein føresetnad for dette. Fylkesrådmannen foreslår at ein ser *innsatsområde 27 Kunstløft - det profesjonelle kunstfeltet* og *innsatsområde 16 Museumsløft* i samanheng. Innan museumsfeltet vil ein til dømes gjennom prosjektet "museumsløft" få ei kartlegging og synleggjering av av investerings- og vedlikehaldsbehov. Ein må vere viss på at dei regionale og nasjonale midlane vert kanalisert slik at det vert ei styrking av det profesjonelle feltet, og ikkje ei nedbygging.

Fylkesrådmannen legg også opp til å prioritere *Innsatsområde 2A Utvikle strategiar for kunst-, kultur- og idrettsarenaer i samsvar med Regional plan for attraktive senter i Hordaland* og *Innsatsområde 8E Utarbeide retningslinjer for fylkeskommunal støtte til festivalar og store kultur og idrettsarrangement i Hordaland*. Begge representerer felles utfordringar og løysinga av dei vil påverke mange andre av tiltaka og samarbeidsformene i arbeidet med kulturplanen.

## **Prioriteringar for det enkelte fagfelt**

### **Kulturminnevern og museum**

#### *Innsatsområde 15 Dokumentasjon (Tiltak A).*

Ei satsing innan fagfeltet Kulturminnevern og museum er digital formidling. Det er viktig at resultatane frå prosjektet *Kulturminneplanar i kommunane* vert tilgjengeleg digitalt. Her må ein skilje mellom langtidslagring av data og kortsiktig formidling. Den teknologiske utviklinga går fort, og erfaringar viser at nettportalar vert utvikla og lagt ned etter få år. Det er såleis vanskeleg å tenke at formidlingsdelen av kulturminneplanar skal etablere si eiga løysing. Her kan ein kople seg på eksisterande prosjekt som til dømes minner.no i regi av Norsk Folkemuseum. Denne formidlinga er forskingsbasert. Arbeidet med digital formidling vil skje i samarbeid med mellom anna Fylkesarkivet og Fylkesbiblioteket som har kompetanse innan dette feltet. Til prosjektet *Kulturminneplanar* i kommunane er det i budsjettet for 2017 forslag om 1 million kr. I tillegg er det sett av ein stillingsressurs internt til oppfølging av prosjektet. Kommunar, museum og frivillige er sentrale aktørar i prosjektet.

Arbeidet med nytt fellesmagasin vert ei felles satsing for musea i 2017. Prosjektet har fått midlar frå "Museumsløft 2016", sjå PS 133/2016.

*Innsatsområde 17 Kulturminne som ressurs (Tiltak A, B), Innsatsområde 19 Verdsarv (Tiltak A, B)  
Innsatsområde 21 Kulturminneforvaltning. (Tiltak A)*

Den nasjonale kulturminnepolitikken har to strategiske mål:

1. *Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på som bruksressurser og grunnlag for kunnskap, opplevelse og verdiskapning*
2. *Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig bredde skal gis varig vern gjennom fredning.*

Desse måla er grunnleggjande innan kulturminnevernet. I Hordaland fylkeskommune si forvaltning skal kulturminne og kulturlandskap vere ressursar til kunnskap, oppleving og bruk i all samfunnsplanlegging. Mellom anna vil det bli utarbeidd planar for skjøtsel, formidling og vidareutvikla kompetanse om vern gjennom bruk av prioriterte kulturminne i alle kommunar i Hordaland. Tilskotsordninga BARK omfattar skjøtsel til arkeologiske kulturminne og ein arbeider aktivt for å styrke denne også i 2017. Hordaland har særlege kjenneteikn innan til dømes kystkultur og verdsarv. Etablering av eit verdsarvsenter og eit verdsarvråd vil ha særleg fokus i 2017. Det ligg no føre eit forprosjekt om verdsarvsenter på Bryggen som ein vil ha som utgangspunkt i det vidare arbeidet. Tilskotsordninga til forvaltning og drift av verna fartøy, viser at den regionale satsinga på dette område er styrka i 2017 med statlege og fylkeskommune midlar.

### **Arkiv**

Hordaland fylkesarkiv arbeider for å samle inn, oppbevare og gjere tilgjengeleg arkiv med fylkeskommunalt eller privat opphav.

Fylkesarkivet er i ferd med å gå over i ein digital tidsalder når det gjeld korleis arkiv blir skapt og oppbevart. Det gjer at vi vil prioritere strategiar for digital dokumentfangst, bevaring og formidling av digitale tenester for offentlig og privat sektor i Hordaland. I tillegg driv fylkesarkivet med målretta innsamling av papirarkiv opp mot fylkeskommunale institusjonar som er på veg til å bli fullelektronisk og/eller gjennomgår større organisatoriske endringar og nedleggingar. Då med særleg fokus på dei vidaregåande skulane og tannhelse. Problemstillingar knytt til elektroniske arkiv og sikring av papirarkiv er også aktuelt i arbeidet vårt med bevaring av privatarkiv i Hordaland.

Tilgang til både offentlege og private arkiv er viktig for å sikre forvaltningsmessig og rettsleg dokumentasjon og dannar grunnlaget for ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Fylkesarkivet arbeidar for med å etablere depot for arkivmateriale som er skapt elektronisk, og utvikling av innsynsløysingar for eldre elektroniske arkiv. Digital formidling er høgt prioritert. Registrering av arkiv blir gjort i programvaren Asta, som er koplå opp mot den nettbaserte nasjonale søketenesta arkivportalen.no. Her blir også digitalisert arkivmateriale publisert.

Fylkesarkivet vil prioritere å styrke det lokalhistoriske arbeidet som ein identitetsskapande ressurs i lokalsamfunna. Dette gjer vi gjennom å ta ansvar for å organiserer nettverk for privatarkiv i Hordaland. Det er også viktig å ta initiativ til og utvikle lokalhistoriske samlingar. Fylkesarkivet bidreg då med råd og rettleiing for å sikre kvalitet på arbeidet som blir gjort.

### **Kunstproduksjon og kulturformidling**

Feltet kunstproduksjon og kulturformidling kan i hovudsak delast i to. Ein del som gjeld formidling av kunst til skulelevar i fylket og ein meir forvaltningsmessig del som arbeider med ulike tilskot til kunst- og kulturorganisasjonar som verkemiddel, både innanfor det profesjonelle og frivillige feltet.

Dei fleste av punkta i handlingsplanen for desse felta er det lagt til rette for at skal oppfyllast gjennom tilskotsordningar. Ein har hatt ei gjennomgang (jf tiltak i kulturplanen) der ein har retta søknadsordningane direkte inn mot tiltak i regional kulturplan.



At kulturplanen har sett skilje mellom profesjonell kunst og amatørkultur har vore viktig for å setje fokus på desse feltet ut frå deira eigne, ulike premiss og bruke verktøy og arbeidsmåtar som er tilpassa. Når det gjeld amatørkultur er dette i grunnlina et ansvar for kommunane. Fylkeskommunen sitt ansvar her er å støtte nettverk og som går ut over den enkelte kommune og støtte samhandlingsinitiativ og fellesløysingar. Satsinga på dette avhenger i stor grad på gode og gjennomarbeidde initiativ frå kommunar og organisasjonar.

Det profesjonelle kunstlivet i Hordaland og spesielt Bergen, er sterkt og ambisiøst. Det er naudsynt at fylkeskommunen tek ei aktiv rolle i utviklinga av dette, spesielt i saman med Bergen kommune. Det profesjonelle kunstlivet er også særst viktig å løfte når det gjeld Vestlandsregionen, og det vil verte satsa på å betre legge til rette for profesjonell kunstproduksjon både gjennom prosjekttilskot og driftsstøtte. Mykje av kunsten som vert produsert og formidla her er på internasjonalt nivå, og for å verte ein seriøs medspelar for kunstlivet er det naudsynt at HFK løfter driftstilskota monaleg.

I kulturplanen gjeld innsatsområde 26 *Vegen inn i kunstlivet* å styrke kunst og kultur for barn og unge. Her er kulturformidlinga til barn og ungdom i skulen ein essensiell del. Det har vore omleggingar i forhold til dette på statleg hald, og ein har måtte avvente fleire planlagde tiltak på grunn av denne omlegginga. No er Kulturtanken etablert, ein ventar enno på klårare føringar frå dei, men ein ser for seg at ein i løpet av 2017 kan starte på strategisk plan for Hordaland fylkeskommune si kunst- og kulturformidling i skulen og setje i verk naturlege omleggingar i forhold til dette og dei nasjonale føringane.

Det har også vore jobba aktivt med utvikling av UKM som eit ungdomspolitisk tiltak. Det har vore brukt betydelege administrative ressursar på dette og det er lagt inn ei budsjettauke på dette feltet frå 2017. Ein vil vidareføre denne satsinga der ungdom sjølv har blitt meir aktivt deltakande også i utforminga og arrangeringa av UKM-festivalen.

Gjennom Kulturelt utviklingsprogram har det vore løyvd midlar til fleire prosjekt der profesjonelle kunstinstusjonar og tiltak skal jobbe aktivt mot ungdom som målgruppe. Ein vil forsetje å oppmuntre til slike prosjekt, i hovudsak gjennom prioriteringar i tilskotsordningar.

### **Bibliotek**

Nasjonalbiblioteket, har gitt 1,8 mill i støtte til det treårige prosjektet prosjekt *Sterk, spenstig og klar*. Det skal avsluttast i 2017. Prosjektet femner om fleire av tiltaka i planen, m.a. tiltak 29A; Støtte til modellbibliotek, fornying av biblioteklokale, "meiropne" bibliotek, som har vore eit effektivt verkemiddel for å hjelpe kommunane med å modernisere biblioteklokala. Tiltaket blir vidareført i 2017 ved at det i budsjettforslaget er gjort framlegg om kr 300 000 til tre nye modellbibliotekprosjekt.

Innsatsområde 30; Biblioteka som uavhengige møteplass og arena for offentleg debatt, vil ha høg prioritet også i 2017. For at tiltaka skal få ekstra effekt, er det naudsynt å løfte fram tiltak C; Marknadsføre tilboda og styrke omdømebygginga av biblioteka, frå 2. til 1. prioritet.

Digitale ressursar er like naudsynt for moderne bibliotek som biblioteklokale og fysiske samlingar. Fleire tiltak i planen omfattar dette (32B, 32C og 34B). Prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket har medverka til utvikling av biblioteknettstader i samarbeid med 23 kommunale bibliotek. I 2017 skal arbeidet vidareførast, og det skal arbeidast med nasjonalt samarbeid for å sikre kontinuerleg produksjon av innhald og vidare drift av sidene.

Tiltak 6A; Utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule, skal gangsetjast gjennom eit samarbeidsprosjekt med Rogaland og Sogn og Fjordane om formidling av litteratur på nynorsk, både til barn og unge. Det er budsjettert med kr 100 000 til dette i 2017.

I samband med Stortingsmeldinga Digital agenda for Norge og det påfølgjande Digidel-programmet, som skal styrke samarbeidet og auka innsatsen innan digital kompetanse og deltaking, er det søkt om midlar til at folkebiblioteka kan tilby eldre og innvandrarak opplæring i grunnleggjande digital kompetanse. Dersom

ein får midlar frå staten, er det ønskjeleg å endre prioritering frå 2 til 1, på tiltak 32A; Legge til rette for at biblioteka kan vere med på å utjamne skilnader i digital deltaking.

### **Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv**

Det er ønskjeleg å kunne ha eit større fokus på planarbeid. I kulturplanen heiter det i tiltak 36C at Regional og kommunal planlegging skal legge til rette for at areal, infrastruktur og anlegg gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet. Dette tiltaket er knytt tett saman med fleire andre tiltak og satsingsområde. Gode planprosessar legg eit godt grunnlag for all kommunal utvikling.

Tiltak 36A Utvikle og implementere ein modell for Aktiv skulekvardag i Hordaland for 60 minutt dagleg fysisk aktivitet i skule/SFO-tid er eit av satsingsområda i 2017. Det er fokus på erfaringsutveksling og samarbeid på tvers av fylkesgrenser og med ulike aktuelle aktørar både knytt til fag og finansiering.

Med reduserte rammer for investeringstilskot må innretningane for denne ordninga justerast og sjåast i samanheng med tiltak 2A Utvikle strategiar for kunst-, kultur- og idrettsarenaer i samsvar med Regional plan for attraktive senter og tiltak 8E Utarbeide retningslinjer for fylkeskommunal støtte til festivalar og store kultur og idrettsarrangement i Hordaland.

Idrettscampus Bergen er inne i ein fase som etter planen munnar ut i etablering og oppstart i 2017. Dette samarbeidet med Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, SK Brann, Høgskulen i Bergen, Helse Bergen og Bergen kommune er ei satsing på samspel om ressursar og kompetanse innanfor fagområda idrett (topp og breidde) og folkehelse. Kultur og idrettsavdelinga ved fylkesidrettssjefen er prosjektleiar. Satsingsområde 36F Utvikle og tilgjengeleggjere fagkompetanse innan fysisk aktivitet vert sett i samanheng med dette arbeidet.

Utviklingsstipendet er ein del av tiltak 37E og har vore eit positivt bidrag til unge lovande utøvarar frå Hordaland. Frå 2017 vert kvart av dei 5 eksisterande stipenda auka med kr 5.000 og det vert oppretta eit nytt stipend for eigenorganisert aktivitet etter modell frå Danmark der gateidrett er gitt eit løft.

Gradering og merking av turløyper er ei pågåande satsing som er i positiv utvikling (tiltak 38 G). Fylkesidrettssjefen deltek i ei nasjonal styringsgruppe der det er fokus på å skape modellar for endå betre tilrettelegging og meir bruk av turløyper. Viktige vedtak for vidare samhandling vert fatta 7. desember 2016.

16.-24. september 2017 skal sykkel VM arrangerast i kommunane Bergen, Fjell, Øygarden og Askøy. Dette er det tredje største idrettsarrangementet i verda. I tillegg til å gjennomføre eit godt arrangement er målet å auke bruken av sykkel til rekreasjon, trening og framkomstmiddel. HFK gir tilskot til delprosjekt frå ulike avdelingar og er involvert i ulike komitèar og arbeidsgrupper. Dette arbeidet er knytt opp mot tiltak 36 D og 37 F.